SOKNERÅDET SIN ÅRSRAPPORT 2013 for

KYRKJELYDEN I VIKEBYGD

Kyrkjeleg organisasjon:
Vikebygd sokn tilhøyrer Vindafjord Fellesrådsområde, i Haugaland prosti av Stavanger Bispedømme. Ved årsskiftet var det 521 medlemar i Vikebygd sokn.

Soknerådet har sendt ut to halvårlege aktivitetsplanar til alle husstandane i soknet med oversikt over gudstenester, laurdagsklubb, møter på bedehuset og andre arrangement i kyrkjelyden. Informasjon vert også lagt ut på internett-adressa: www.vikebygd.org .

Kyrkjelydane i Vindafjord samarbeider om å gje ut kyrkjelydsbladet 'Hyrdingen' der det er informasjon også frå Vikebygd. Bladet kjem gratis til alle husstandar.

Soknerådet hadde i 2013 6 ordinære møter, og handsama i alt 40 saker. Årsmøte for kyrkjelyden vart halde 17.mars kombinert med kyrkjekaffi.

REPRESENTANTAR I SOKNERÅDET ER:

- Brit Nelly Ness Tveit	- Leiar, medlem diakoninemnd
- Rolf Alne	- Nestleiar, medlem diakoninemnd
- Øyvind Valen	- Sekretær, medlem strukturnemnd
- Dag Hans Nagel- Alne	- Representant i Fellesrådet
- Karolina Fisk Eide	- SR- medlem fyrste halvår
- Brita Laugaland	- SR- medlem og medlem i diakoninemnd
- Jon Aadnøy	- Sokneprest
- Jarle Årvik	- 1.varamann fyrste halvår, SR-medlem andre halvår
- Hilde Stene Bauge	- 2.varamann (1. vara andre halvår)

Desse møter fast i soknerådet. Vidare varamannsliste er slik: Geir Vårvik, Linda Langeland og Marit Larsen

VINDAFJORD KYRKJELEGE FELLESRÅD.

Fellesrådet har ansvar for bygg, eigedomar og arbeidsgjevaransvaret for dei tilsette. Representant frå Vikebygd var Dag Hans Nagel-Alne med Brit Nelly Ness Tveit som varamann.

ANDRE NEMNDER OG KONTAKTAR:

Diakoniutval:	Brita Laugaland og Rolf Alne
Trusopplæringsutval:	Kjersti H. Bjerga (leiar), Karolina Fisk Eide og Brit Nelly Ness Tveit.
FUT (Trusopplæring i Vindafjord):	Kjersti Bjerga og Karolina Fisk Eide
Gustenesteutval:	Brita Laugaland, Ingrid Matilde Sørvåg
Arbeidsgruppe vedlikehald av kyrkja:	Dag Nagel Alne, Rolf Alne og Arne Tveit

KYRKJELEG TILSETTE SOM HAR HATT TENESTE I SOKNET

Kyrkjeverje	Inghart Lasse Tveit
Sokneprest:	Jon Ådnøy
Kantor/Organist:	Nelly og Jury Kotkovich
Kateket:	Britt Karstensen
Reinhald:	Anne Bjørg Birkeland.
Kontortenester:	I noko grad har ein hjelp frå kyrkjekontoret. Det meste vert utført på dugnad.

Andre tenester: Kyrkjetenar på sundagane er utført på dugnad også dette året. Det er gjort avtale med kyrkjeverje at kyrkjelyden får utbetalt pengar for arbeidet. Soknerådet får til saman kr 25 000 for dette arbeidet

STRATEGIPLAN 2010 – 2015:

Soknerådet vedtok i 2010 ein strategiplan som skal vera retningsgjevande for arbeidet vårt fram til 2015. Soknerådet si prioritering dette året har vore:

a. Trusopplæring gjennom eiga trusopplæringsnemnd, lokalt og saman med andre sokn
   Her vil god oppfylging av konfirmantane og konfirmantopplæringa verta prioritert.
b. Diakonalt arbeid gjennom eiga diakoninemnd, lokalt og saman med andre sokn.
   Besøksteneste, helsing på merkedagar og forbøn vil vera viktige tiltak.
c. Vedlikehald av kyrkjebygget, gjennom eiga nemnd som skal fylgja opp ekstraordinært vedlikehald. Dette er fellesrådet sitt ansvar, men soknerådet vil vera ein pådrivar.
d. Forholdet til nabosokna, der Vikebygd sokneråd vil vurdera nærare tilknyting til Skjold og Vats sokn.
e. Forholdet til, og samarbeidet med, Vikebygd bedehus og organisasjonar.
   Med få gudstenester i Vikebygd er det viktig å byggja kristenlivet i bygda opp om eit fellesskap kyrkje – bedehus.

Årsrapporten er skriven ut frå strategiplanen

TRUSOPPLÆRING

Soknerådet skal ha ein trusopplæringsplan som skal gje systematisk opplæring og oppfølging av alle døypte i alderen 0 – 18 år. Dette vert ei lokal tilpassing av planen som er felles for heile kommunen.

4 års fase

Alle barn som er 4 år får tilbod om å få barnebibelen når dei fyller 4 år. Bibelen vart utdelt på hausttakkefesten, som vart feira med ”Sprell levande gudsteneste”. Laurdagen vart 4 åringane invitert til ei samling i kyrkja

11 års fase.

Alle barn som går i 5.klasse fekk tilbod om å få utdelt bibel på familegudsteneste i januar. Trusopplæringsnemnda arrangerte ei samling på bedehuset der barna fekk undervisning i bibelen.

I februar fekk 5.klassingane tilbod om leir saman med barn frå Skjold, Vats, Nedstrand og Skjoldastraumen.

Natt til første søndag i advent vart dei invitert å overnatte i kyrkja.

Soknerådet ser opplegget rundt 11 års fasen er eit viktig bidrag i trusopplæringa og legg opp til at dette skal vera eit fast tilbod for 11 åringane i bygda.

Konfirmantarbeid

Det var heile 15 konfirmantar våren 2013. Jon Aadnøy har hatt ansvar for det meste av undervisninga. Konfirmantleiren vart arrangert saman med Skjold og Vats.

Konfirmantane var bøsseberarar i Kirkens Nødhjelp fasteaksjonen, og det kom totalt inn kr 12.271 (2012:11 247)

Soknerådet arrangerte fest for konfirmantane på bygdahuset rett etter samtalegudstenesta i forkant av sjølve konfirmantsundagen.

Andre viktige tilbod innan trusopplæring i Vikebygd:

Laurdagsklubben (”søndagsskulen”).

Tilbod til born i alderen 4-10 år. Hovudleiar er Kjersti Hausberg Bjerga, saman med Jone Bjerga og Steinar Skartland som medleiarar.

Tripp Trapp er eit tilbod til born frå 0-6 år m/foreldre, på bedehuset ein fredag kvar månad, klokka 11-12.30. Ansvarleg har vore Grethe Koltveit og Anita Øvstedal.

KFUK-KFUM Speidarane

Speidaren hadde 62 medlemar frå 3. klasse og oppover. Leiarar for småspeidarane er Inger Marie Bjerga, Ola Harald Alne, Elin Næsse, Inger Katrine Sundve og Alfred Trovåg. Leiarane i storspeidarane har vore Håvard Tveit, Iselin Tveit og Johannes Skartland

Speidarane har møte om onsdagane, og i tillegg har dei fleire helgeturar, og storspeidarane var på kanoleir i Telemark i sommar.

DIAKONIARBEID.

Diakoniutvalet har ansvar for blomehelsing ved fylte 80 og 90 og 100 år. Utvalet skal og leggje til rette for besøks- og forbønsteneste i soknet.

KYRKJEBYGGET

Det er fellesrådet som har ansvaret for vedlikehald av kyrkja. Soknerådet har likevel teke på seg ansvaret med å bygga og finansiera ny inngang som også er tilrettelagt for rullestolar, rullatorar, mm. Kostnaden har totalt vore kr 58.840, som er finansiert med 38.000 frå kommunen og 20.840 frå Bakkevigfondet.

Soknerådet har også sett i gong eit arbeid og engasjert fagfolk for å få på plass eit toalett bak i kyrkja, eit toalett som også er universelt tilrettelagt. Teikningar er no sendt til fellesrådet slik at dei kan søkja bispedømmerådet om løyve.

GUDSTENESTEREFORM OG GUDSTENESTEUTVAL

Det har no vore eit år med ny gudstenestereform. I det store og heile har dette gått greitt, men det er ekstra viktig med god informasjon og oversiktlege gudstenesteark. I tillegg til ny versjon av Fadervår er det kanskje informasjonsdelen i starten av gudstenesta og minning av døde med ljostenning, som er dei nye momenta som gudstenestedeltakarane legg merke til.

Det er sett ned eit gudstenesteutval som arbeider fram eit årshjul, og som ser på innhaldet i ulike gudstenester. I utvalet sit Ingrid Mathilde Sørvåg, Brita Laugaland og Brit Nelly Ness Tveit

GUDSTENESTER og STATISTIKK	*Ant.*	*Gj.snitt deltaking*	Deltaking i alt
Døypte:	3 (7)		
Vigsler:	3 (1)		
Gravferder:	11 (7)		
Forordna gudstenester (A)	16 (17)	89 (83)	1423 (1417)
Gudstenester med nattverd - nattverdsgjestar	6 (6)	21 (15)	126 (94)
Familiegudstenester (inngår i A)	3 (3)		413 (383)
Gudsteneste for skulen:	1		95
Konfirmantar våren 2013	15 (6)		

Statistikken viser lita endring frå år til år. Tala viser at me har godt frammøte på gudstenester der me involverer mange, slik som t.d." sprell levande" og ljosmessa.

MISJON:
Kyrkjelyden i Vikebygd har hatt avtale med NMS om misjonsprosjektet: Landsbybygging i Bara-provinsen på Madagaskar. Soknerådet har samla inn midlar gjennom å ta opp kyrkjeoffer. Avtalen gjekk ut i 2013.

FORHOLD TIL ANDRE SOKN

Ved tilsetting av ny sokneprest i Skjold og Vats frå februar, vart det gjort ei endring ved at den nye presten, Jon Ådnøy, også fekk Vikebygd som sitt særskilde arbeidsområde, Vår tidlegare sokneprest, Johannes Nedrelid, fortset som sokneprest i Ølen og Bjoa.

FUT, Felles Utval for Trusopplæring i Vindafjord, er eit viktig bidrag i forhold til om Vikebygd kan lukkast med å få til målretta og god trusopplæring for alle døypte 0-18 år. Vikebygd er for lite sokn til at me kan lukkast med å ha gode tilbod for alle alderstrinn.

Fellesrådet sette hausten 2012 i gong eit utval som skulle utgreia samanslåing av sokn i kommunen. Øyvind Valen blei vårt medlem i dette utvalet, og soknerådet har gjort fleire vedtak i løpet av året i samband med utspel frå dette arbeidet. På nyåret er det avklart at fire sokn går vidare i vurderingane, og Vikebygd sokneråd har vedteke at dei vil ha samtalar med Skjold for å førebu ein avtale som skal leggast fram for soknemøtet i Vikebygd til våren.

FORHOLD TIL, OG SAMARBEID MED BEDEHUS OG ULIKE FOREININGAR I VIKEBYGD KYRKJELYD

Det har ikkje vore eit formelt samarbeid eller fellesarrangement i 2013.

ØKONOMI

Soknerådet sin rekneskap blir ført av kommunekassa via kyrkjeverja. Soknerådet har tilfredstillande økonomi.

Behaldning / fond pr. 31.12.13 var 121.720 kroner. (2012: 108.632)

Offer/Innsamling: Kronebeløp: (2012)

Talet på offer i alt:	17	Kr 67.053	(45.862)
Tal på offer til kyrkjelydsarbeid:	3	Kr 12.596	(13.581)
Misjonsprosjektet:		Kr 13.815,-.	(9.666)
Innsamla beløp i fasteaksjonen:		Kr 12.271.	(11.247)

Soknerådet ynskjer å rette ein takk til alle som stiller opp og er positive til kyrkjelydsarbeidet i bygda.